

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Fråsegn - Varsel om oppstart av detaljregulering på Fosse - gnr 25 bnr 17 - 14 mfl. - Meland kommune

Vi har vedlagt eit dokument frå Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune har starta eit prosjekt med å sende ut posten digitalt. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringaprogram.

Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og etterkvart også til postkasse hos Digipost eller eBoks. Der blir du oppfordra til å oppdatere Kontaktregisteret, som er tilgjengeleg både på www.altinn.no og www.norge.no. Du vil då bli varslet via SMS og e-post om at du kan lese dokumentet i den valde postkassen eller i Altinn.

Verksemder/organisasjonar kan lese dokumentet elektronisk i «Min meldingsboks» på www.altinn.no via rolla «Kommunale tjenester». Eit varsel blir sendt til den registrerte e-postadressa di eller som SMS.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan 2 virkedagar etter at dei er tilgjengelege i meldingsboksen, blir skrive ut og sendt via Posten.

Digitalt førsteval er vegen til raskare, enklare og sikrare samhandling med Hordaland fylkeskommune!

Med helsing
Hordaland fylkeskommune

406#2230:f1d7a05f-7909-4769-93cb-8003297ceaa66.2



WEGLO DESIGN, PLAN & LANDSKAP AS
Strandgaten 50
5004 BERGEN

Dato: 13.03.2017
Vår ref.: 2017/703-5
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Att. Vibeke Weglo

Fråsegn - Varsel om oppstart av detaljregulering på Fosse - gnr 25 bnr 17 - 14 mfl. - Meland kommune

Vi viser til brev datert 23.01.2017 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Fosse. Hovudføremålet med reguleringa er bustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustadføremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Areal- og transport

Tiltaket er i tråd med kommuneplanens arealdel. Området ligg likevel eit stykke frå kollektivstopp med høg frekvens på avgangar. Planarbeidet bør ha fokus på at utbygginga ikkje vert for stort i volum og at transportomfanget blir redusert.

Innanfor planområdet er overflatedyrka jord og Hordaland fylkeskommune støttar difor utgangspunktet i oppstartsmeldinga om at tunstrukturen i området skal bli bevart. Vi stiller difor spørsmål ved signala om at det skal bli bygga einebustader, tomannsbustader, rekkehus og leilegheiter. Etter vår vurdering kan dette bli for omfattande planar for eit slikt område. Dette må bli vurdert i planarbeidet.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. På grunn av potensial for funn av nye forhistoriske kulturminne i det aktuelle arealet vart det den 23.02.2017 gjennomført ei kulturhistorisk synfaring på staden. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensial for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkningar i området.

Det ligg fire SEFRAK-registrerte ruinar og fleire steingardar i planområdet. Hordaland fylkeskommune ber at det vert tatt omsyn til desse i vidare planlegging.

Samferdsel

Det er viktig at planarbeidet sett fokus på trafikktryggleik for skuleborn i planarbeidet og at kommunen sikrar trygg tilkomst.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre
<http://www.hordaland.no>.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, kulturmiljø og trafikktryggleik.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

MELAND KOMMUNE

Fylkesmannen i Hordaland